

## **1. Lagsgjestingar**

1.1 *Tal/ Vekst:* Når det gjeld lokallaga våre på skular i Hordaland, opplever vi at talet varierar naturleg etter kor mange ungdomar som frå år til år ønskjer å driva med denne typen arbeid. Per i dag har vi 18 skulelag, og vi er i prosess med 9 nye i desse tider. Målet er ein vekst som gjer at vi endar på 30 skulelag totalt til nyttår.

1.2. *Vekst i distrikta:* Sist haust starta vi ein innovativ og ambisiøs ekspansjonsaksjon for å få fleire lag. Vi vil dobla talet. Såleis vil vi ikkje kvila på laurbæra berre med mange lag i distrikta kring Bergen by. Vi vil arbeida "distriktsvensamt" for å etablera skulelagsarbeid i alle tettstader i fylket, slik at elevbasert miljøarbeid kan prega endå fleire skular framover. Vi legg meir ressursar inn i denne aksjonen enn på lenge, og ser meir og meir resultat av innsatsen.

1.3. *Kontakt, samarbeid med kyrkjelydar/ organisasjonar:* Vi vil vidareutvikla kontakten mellom ungdomsarbeidarar i kyrkjelydar og organisasjonar, og dei lokale skulelaga, også med tanke på vekst. Hovudsiktemålet vil vera å få desse til å sjå skulelaga som deira eige arbeid lokalt. Dette er på skinner i mange områder, men vi vil styrkja denne kontakten vidare i nye område. Vi er godt i gang med ein "lønsjrunde" der vi gjestar ungdomsleiar etter ungdomsleiar, for å søkja nye samarbeidshøve med dei. Ikkje minst i høve til lokalt skulelagsarbeid, men også i høve til arrangement der vi kan stå saman.

1.4. *Samarbeidsarrangement:* Vi vil neste år byggja vidare på eit mangeårig samarbeid med NMS-U der vi arrangerer ein 5-dagars vinterleir saman. I år var KRIK med på dette, jfr tekst under. Denne er særleg retta mot *ikkje-medlemmer*. Synergieffekten av ressursane frå begge organisasjonane er veldig god. Kvar haust står vi elles saman med alle ungdomsarbeida i byen om "Jesusfest" i Grieghallen. Her byggjer vi bruer mellom oss, og opplever såleis ein «einskap» veksa mellom alle ungdomsmiljøa.

1.5 *Gjestingar/ Oppfølging:* Kvart lokallag vil få minst ei til to, gjestingar kvart semester. Oppfølginga gjeld styrearbeid med vekt på organisering og idéutvikling, samtalar med rektor/ administrasjon og samtalar med ein vaksen støttespelar. Alt dette dreier seg om leiartrening og tilrettelegging av gode rammer for eit stabilt skulelagsarbeid. Når vi deltek på samlingane deira, bidreg vi med tale, leik, live musikk og anna. I tillegg følgjer vi dei opp over telefon og held kontakten på sms, mail, facebook og msn med meir.

1.6. *Styret/ Medlemene:* Det må presiserast at lokallaga våre er "elevbasert arbeid". Det er dei som avgjer profilen på deira arbeid, og styrer dette. Våre styremedlemmer gjer mesteparten av arbeidet med å arrangera sine treff i- eller etter skuletida, og samlingar, saman med øvrige skulelagsmedlemmer på dei ulike skulane. All vaksen kontakt utgjer berre

eit støtteapparat, men naudsynt nok for å gje unge leiarar støtte" på veggen.

1.7 *Medlem/ Ikkje-medlem:* vi inspirerer lokallaga våre til god balanse mellom "intern" og "ekstern" verksemd. Vi arbeidar på den eine sida aktivt for å verva medlemmer generelt, og oppmodar på den andre sida skulelagsstyra til å ha eit godt, internt styrearbeid. Dette gjer vi for at dei skal heva kvaliteten i planleggingsfasen; for i neste runde arrangerer våre lokallag mest opne samlingar der heile skulen vert invitert til samling i storefri. Det skjer i snitt annakvar veke. Såleis balanserar vi mellom å vektleggja både arbeid for medlemmer og ikkje-medlemmer. Av nyskaping i denne samanhengen er det ein ny trend i arbeidet vårt å arrangera paneldebattar kring «dei store spørsmåla» der vi opplever auka oppmøte og engasjement frå ein større del av elevmassa. Dette vil vi vidareutvikla i år, særleg på vidaregåande.

1.8 *Økonomi:* det er viktig for oss at terskelen for både medlemmer og ikkje-medlemmer er låg når det gjeld å vera med på våre arrangement. Difor er prisen på desse ganske låg, trass i at vi satsar på god kvalitet på det vi gjer. Vi tener nesten ingenting på desse, jamfør dei personellressursane vi brukar inn i dette arbeidet. Såleis er vi avhengig av andre inntektskjelder for å vera ein stor nok stab til å bera omfanget av arbeidet vårt. Skulle vi tenkt "kommersielt" her, ville vi straks slitt, særleg med å motivera ungdom frå utkantane av fylket til å reisa, og det er svært viktig for oss at lokallagsstyrene kan reisa uansett reiseavstand. Når det gjeld medlemspris, ligg den på kr 100.

Økonomisk er vi der at vi er svært skjøre dersom vi misser støtte, eller opplever fall i gåveinntekter osb. Vi må jobba målretta for ein god økonomi for å halda fram med å utvikla ein god kvalitet på arbeidet framover.

## 2. Arrangement

- 2.6. *Challenge:* Vi samarbeidde med NMS-U og KRIK om ein helgebasert lågterskel-vinterleir 15-17 januar. Den var nesten full med 37 ungdomar.
- 2.7. *reCharge:* leiarkonferanse med trening av styremedlemene våre gjekk av stabelen 11-13 Mars med svært god respons.
- 2.8. *Vårfest:* for å gjera stas på våre friviljuge team, samt styremedlemmer frå alle lokallaga, arrangerte vi fest- og inspirasjonssamling 16 April.
- 2.9. *LS – Lagets Lederskole:* I august satsar vi på å senda ca 30 styremedlemer på ein sju-dagars leiarskule på sørlandet. Dette er opplæring i organisasjonsutvikling.
- 2.10. *reCharge:* 30 September-2 Oktober arrangerer vi inspirerende "kick-off" med leiartrening for skulelagsstyra våre her på lagshuset i Bergen.

## 3. Prosjekt og nettverk

- 3.1. *Ledergruppe av ungdom:* Vi vil vidareutvikla arbeidet med ei "Leiargruppe" av 12 ungdomar frå ulike lag som får leiartrening og har ansvar/ oppgåver i samband med gjennomføringa av arrangementa våre. Dei får leiartrening/ praksis *fire helger i året*, og har med åra utvikla eit sterkt eigartilhøve til arbeidet. Dei er framtida. Vi vil rekruttera ca 3 nye medlemmer gjennom året ettersom nokre sluttar etter vidaregåande. Gruppa er driven av to dedikerte friviljuge.
- 3.2. *Friviljuge:* Vi jobbar for ei auke av friviljuge gjennom vaksne støttespelarar som følgjer opp kvart skulelag og styre. Desse skaper tryggleik for styremedlemene ved deira nærvær på einskilte styremøter, samt i å hjelpa praktisk – særleg med økonomi. Utan desse ville vi slitt med rammen kring lokallaga våre. Vi har også mange engasjerte foreldre som står bak deira ungdomar med hjelp i ulike former, som gjer at ungdomane ikkje står åleine i arbeidet.
- 3.3. *Nettverk:* Vi er med i "ungdomsledernetverket" for Bergen og distrikta. Her samlast ungdomsleiarar månadleg for fellesskap og oppdatering kring fellesprosjekt for ungdom i byen og distrikta. Dette gjev også grobotn for oppstart av nye skulelag gjennom deira lokale kontaktar. Gjermund Øystese er vår representant i dette fora.

#### **4.1 Personell**

Einar Helgaas arbeidar dette året i ein 100%-stilling som Teamleder, saman med Kine Birgitte Slettbakk som trainee i 100%-stilling fram til sumaren, Gjermund Øystese i 60% som Skulelagsarbeidar. Frå hausten 2016 av har vi to trainees, og to unge kvinner fra Madagaskar kjem på utveksling fra oktober til april.

For skulesektoren

Einar Helgaas, teamleiar